




Tre kunstplakatar var sett opp utanfor Spar på søndag.

Søndag vart både kundar og betjening på Spar Uskedalen overraska av tre kunstverk som var passert i tilbodstavla utanfor butikken. Det same skjedde på ein god del andre butikkar i Kvinnherad, i følgje dagens utgåve av Kvinnheringen. Korkje Kvinnheringen, vi eller Spar Uskedalen kjenner til kven som står bak opphenginga av kunstplakatane.



[Denne helsinga stod bak på plakatane.](#)

Dagleg leiar Bente Nilsen ved Spar Uskedalen seier at plakatane har blitt hengt opp i opningstida søndag, for ho er sikker på at tilbodsplakatane var 'normale' då ho kom på jobb. Kvinnheringen skriv at dei ikkje kjenner til kven som står bak stuntet, men slik dei har forstått det, er det 15 kunstnarar som står bak.

På baksida av kvar plakat stod det med sirleg handskrift: 'GOD JUL. Dette er en gave dere kan gi til en av kundene deres. Håper du får et godt Nyttår!'

Bente Nilsen seier at ho syns det av eit koseleg stunt, og dei følgjer svært gjerne opp oppfordringa. 'Dei som ønskjer ein av kunstplakatane, må ta kontakt med oss i butikken,' seier ho.





Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Foto: Bente Nilsen